

KLEPP KOMMUNE

Endra skulekrinsar i Klepp; gjeld spesielt Bore, Kleppe og Kleppeloen skule

HØYRING

I løpet av dei tre neste åra, innan hausten 2021, vil Klepp kommune ha to nye skular; 1 – 7 skule på ved BMX-banen, kalla Kleppeloen skule, og ungdomsskule i Vardheia i samarbeid med Time kommune.
Dette vil få følgjer for skulekrinsane i kommunen, og følgjande vedtak i kommunestyret ligg til grunn:

Ny 1 – 7 skule ved BMX-banen; skal vera klar til skuleåret 22/23

Vedtak i kommunestyret 14. mai 2018:

«Kommunestyret ber rådmannen starta arbeidet med utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av reguleringsarbeid for ny barneskule på BMX-tomta på Kleppe».

Vedtak i kommunestyret 18. september 2017:

«Horpestad skulekrins opphøyrer som skulekrins når ny skule ved BMX-banen står klar. Krinsen blir ein del av krinsen for den nye skulen».

Ungdomsskule i Vardheia i samarbeid med Time kommune:

Vedtak i kommunestyret 20. juni 2016:

«Ungdomstrinnet ved Orre skule vert flytta til Vardheia ungdomsskule når denne står klar».

Opplæringslova § 8 – 1, Skolen seier følgjande:

«Grunnskoleelevar har rett til å gå på den skolen som ligg næraast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gje forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav C i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidene gjeld ikkje.

To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal oppretta ein skriftleg

samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:

- A: *opprekninga av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- B: *det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
- C: *varigheita på avtalen*
- D: *reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- E: *anna som etter lov krev avtale.*

Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til».

Krinsgrense for ny 1 – 7 skule ved BMX-banen:

Elevar som i dag går ved Kleppe skule, Bore skule og Horpestad skule vil naturleg sokna til den nye skulen ved BMX-banen. Dei tre skulane er dimensjonerte for å kunna ta imot så mange elevar:

| | |
|-------------------|-------------------|
| Kleppe skule: | om lag 450 elevar |
| Bore skule: | om lag 400 elevar |
| Kleppeloen skule: | om lag 350 elevar |

Elevtalsutviklinga, så langt vi kjenner den i august 2018 i dei tre gjeldande krinsane er slik:

| Skuleår | Bore; medrekna Vasshus | Kleppe | Horpestad | Samla |
|---------|------------------------------|--------|-----------|-------|
| 19/20 | 474 | 489 | 107 | 1070 |
| 20/21 | 477 | 497 | 101 | 1075 |
| 21/22 | 463 | 501 | 97 | 1061 |
| 22/23 | ✉ 466 + 71 | 497 | 96 | 1130 |

✉ 7. trinn, 71 elevar er no attende på Bore skule frå Bore ungdomsskule

Med nogjeldande krinsgrenser vil både Kleppe skule og Bore skule ha for mange elevar i høve til kva skulane er dimensjonerte for. Deler av Kleppe skulekrins og Bore skulekrins må difor flyttast over til den nye skulekrinsen som gjeld Kleppeloen skule.

Rådmannen vil tilrå at områda som i dag ligg aust for Boreringen vert flytta over til Kleppeloen skulekrins. Boreringen vert såleis grense mellom Bore skulekrins og Kleppeloen skulekrins. Kleppeloen skule vil få elevar på begge sider av Solavegen. Med elevtalet slik vi kjenner det i dag vil då om lag 140 elevar

verta flytta over frå Bore til Kleppeloen skule hausten 2022. Dette gjeld elevar på 1. til 6. trinn. Elevane på 7. trinn får halda fram på Bore skule skuleåret 22/23 då dei berre har eitt år att på barneskulen og slepp å brytast opp og skifta miljø to år på rad.

Med omsyn til Kleppe skule vil rådmannen tilrå at områda vest for Jærvegen avgrensa av Solavegen mot nordvest vert ein del av skulekrinsen til Kleppeloen skule. Om lag 95 elevar går då over frå Kleppe skule til Kleppeloen skule hausten 2022. Som for Bore skule gjeld dette elevar på 1. til 6. trinn. Elevane på 7. trinn får halda fram ved Kleppe skule av same grunnar som for Bore skule.

Elevtalsutviklinga, så langt vi kjenner den i dag, vil då vera om lag slik på dei tre skulane:

| Skuleår | Bore | Kleppe | Kleppeloen | Samla |
|---------|---------------------------|---------------------------|-----------------------------------|-------|
| 22/23 | ¤ 466 + 71 – 140 = 397 | # 497 – 95 = 402 | & 96 + 140 + 95 = 331 | 1130 |
| 23/24 | 536 – 145 = 391 | 487 – 100 = 387 | 100 + 145 + 100 = 345 | 1123 |
| 24/25 | % 460 + 45 – 145 = 360 | % 421 + 38 – 100 = 359 | % 89 + 11 + 145 + 100 = 345 | 1064 |

- ¤ 71 elevar er attende frå Bore ungdomsskule; 140 elevar er flytta over til Kleppeloen skule
- # 95 elevar er flytta over til Kleppeloen skule
- & Elevar frå Horpestad, Bore og Kleppe skular
- % Andre talet i kvar av dei tre kolonnene er ungar fødde per 3. kvartal 2018; tal tatt ut 12. desember

For dei andre barneskulekrinsane i Klepp vert det inga endring.

Ungdomsskulane Kleppe og Bore + Vardheia frå skuleåret 21/22:

Med omsyn til ungdomsskulekrinsane for dei tre barneskulane Bore, Kleppe og Kleppeloen vil rådmannen tilrå at ein opprettheld dei noverande grensene; elevane i noverande Bore skulekrins går til Bore ungdomsskule medan elevane som i dag høyrer til Horpestad krins går til Klepp ungdomsskule saman med elevane i noverande Kleppe skulekrins. Elevane i Engelsvoll skulekrins går og til Klepp ungdomsskule.

Elevane i Orre og Tu skulekrinsar går til Vardheia ungdomsskule.

Med denne løysinga vil elevtalsutviklinga vera slik ved ei tre skulane som er slik dimensjonerte:

Bore ungdomsskule: om lag 270 elevar

Klepp ungdomsskule: om lag 450 elevar

Vardheia ungdomsskule: om lag 450 elevar

| Skuleår | Bore ungdomskule | Klepp ungdomsskule | Vardheia ungdomsskule (elevar frå Klepp) | Samla |
|---------|------------------|--------------------|---|-------|
| 20/21 | 221 | 440 | 0 | 661 |
| 21/22 | 227 | 405 | 128 | 760 |
| 22/23 | 242 | 351 | 176 | 769 |
| 23/24 | 236 | 354 | 186 | 776 |
| 24/25 | 237 | 334 | 189 | 760 |
| 25/26 | 217 | 332 | 187 | 736 |

For skuleåret 21/22 har ein lagt inn i tabellen at alle ungdomsskuleelevar som soknar til Orre går på Vardheia ungdomsskule. For elevane frå Tu skulekrins gjeld det 8. og 9. trinn. For Tu-elevane på 10. trinn vel kommunen ei løysing der dei går 10. trinn på Klepp ungdomsskule slik at dei slepp å skifta skule og klassemiljø for berre eitt år. Dette gjeld om lag 35 elevar.

For Orstad skule vert det inga endring då skulen har same opptaksområde for både barneskule og ungdomsskule.

Tenesteområde barn og unge, 19. desember 2018